Plankontoret Hallvard Homme AS

# Gjerstad og Felle Snøskoterklubb

# Reguleringsplan for øvingsområde for snøskoter





2133/Aug. 2008

**Plankontoret Hallvard Homme AS**
Pb 95, 4747 VALLE,
post@plankontoret.no
Telefon 379 37000
ORG.NR. 976010744MVA
Bankkonto: 2890.05.26476

**Avdelingskontor:**
3890 Vinje, 41690212, astettin@plankontoret.no
4973 Vegårshei, 91547813, eiaas@plankontoret.no
3810 Gvarv, 41510516, taeriksen@plankontoret.no

1 PLANOMTALE og FØRESEGNER

2 PLANKART

3 VARSLING

4 INNSPEL

5 VEDLEGG: avtalar

6

7 DIVERSE

1. OM PROSJEKTET 3

1.1 FØRINGAR FOR PLANUTFORMINGA 4
1.2 PLANHIERARKIET 4
1.2.1 PLANAR FOR AREALFORVALTING - REGIONALT / NASJONALT NIVÅ 4
1.2.2 KOMMUNALE PLANAR 4
1.2.3 REGULERINGSPLANAR 4

2. OMTALE AV PLANLAGT ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE 5

2.1 PLANOMRÅDET 5
2.2 AREALBRUK 6
2.3 AREALBEHOV 8
2.4 OMFANG AV PÅTENKT NY BRUK AV OMRÅDET 8
2.5 VILKÅR MED OMSYN TIL KRYSSANDE INTERESSER 8

3. JURIDISK FORANKRING - KORT OM REGELVERKET 9

3.1 AREAL 9
3.2 MOTORISERT FERDSLE, ORGANISERT ØVINGSAKTIVITET OG TILSKIPINGAR I OMRÅDET 9
3.3 PRIVATRETTSLEGE AVTALAR 9
3.4 SAMANFATTING 10

4. VARSLING OG INNSPEL 11

5. FØRESEGNER TIL REGULERING ETTER PLAN OG BYGNINGS-LOVA 12

5.1 REGULERINGSFØREMÅL 12
5.2 REGULERINGSFØRESEGNER 12
5.3 AREALREKNESKAP 13

6. HANDSAMING ETTER LOV OM MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG AV 10. JUNI 1977, NR. 82 14

6.1 INFORMASJON 14
6.2 TILSYN 14
6.3 RAPPORTERING 14
6.4 ÅRLEG VURDERING AV DISPENSASJONSGRUNNLAG 14

7. ORDNINGAR OG ANSVARSPLASSERING FOR BRUK AV TILKOMSTVEGAR / -TRASEAR OG ØVINGSOMRÅDE FOR SNØSCOOTER 15

7.1 ORGANISERT FERDSLE ER SCOOTERKLUBBEN SITT ANSVAR 15
7.2 BRUK AV ØVINGSOMRÅDE 15
7.3 VEGAR - TILKOMSTTRASEEAR 16
7.4 PARKERING 16

7.5 OMFANG AV OMRÅDEBRUK TIL ØVINGS- OG KONKURRANSEKØYRING 16

8. KJELDER: 17

9. VEDLEGG 18

9.1.1 AVTALE OM BRUK AV TERRENG I SAMBAND MED ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE 18
9.1.2 AVTALE OM BRUK AV TILKOMSTTRASE TIL ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE 18
9.1.3 AVTALE OM LEIGE AV AREAL TIL PARKERINGSPLASS 18
9.1.4 MEDLEMSERKLÆRING VEDRØRANDE BRUK AV TILKOMSTTRASEAR OG ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE FOR SNØSKOTER 18
9.1.5 FORSLAG TIL PUNKT I VEDTEKTENE FOR SKOTERKLUBBEN**FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**

# 1. OM PROSJEKTET

Interessa for køyring med snøskoter i kommunen er rimeleg stor. Erfaringane dei seinaste åra viser at det er vanskeleg å leve opp til intensjonane i aktuelt regelverk for både brukarar og dei ulike forvaltingsnivå.

**Gjerstad og Felle Snøskoterklubb** har inngått intensjonsavtale med grunneigarar i området Digerdal om å utvikle eit området i Gjerstad kommune til øvingsområde for snøskoterkøyring. **Plankontoret Hallvard Homme AS** er fyrespurt om å kome med forslag til opplegg for ein analyse- og planprosess.

Prosjektplanen/Melding om oppstart tek utgangspunkt i møte med representantar frå klubben ( Karl Svendsen, Ragnar Svendsen og Stian Flåta) den 7. juni 2007. Prosjektplanen omtalar omfang på overordna analyse, konseptutvikling og endeleg reguleringsplan med føresegner. Ein legg her tilgrunn at arealet er avklara til denne aktiviteten i Gjerstad kommune sin planadministrasjon.

Det er ført samtalar med Fylkesmannens miljøvernavdeling om etablering av eit øvings-område. Brev av 22. mai 2007 gjev opning for å vurdere i plansamanheng eit område på inntil 1000 da.

Planarbeidet vart kunngjort og varsla den 12.8.07 med frist til 25.9.07 for å kome med innspel i varslingsfasen. Det har vore kontakt og drøftingar med fleire grunneigarar og representantar for veglaga undervegs i arbeidet.

Dokumentet er tenkt å danne basis for sakshandsaminga ved søknad om løyve til køyring i medhald av lov om motorferdsle i utmark og vassdrag for sesongen 2009 og dei neste 3 påfølgjande år.

Planforslaget er eit forsøk på å avgrense ferdsla og samstundes leggje til rette for ein aktivitet som mange innbyggarar set pris på.

## *1.1 FØRINGAR FOR PLANUTFORMINGA*

Det er gjeve følgjande føringar for utforminga av dokumentet:

- Reguleringsplanen skal utformast med avgrensa tekst og føresegner. Det skal opplysast kva for privatrettslege tilhøve og avtalar som vil vere knytt til aktivitet i området (avtalar som ikkje formelt vil vere knytt til reguleringsplanen og heimelsgrunnlaget i plan- og bygningslova eller lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag).

Planinnhald:

- Arealomfang øvingsområde; - som varsla med mindre justeringar i høve til eigedomsgrenser.
- Følgjande tilkomstvegar/trasear skal innarbeidast i planen: Digerdalsvegen frå riksvegen mellom Felle og Gjerstad.
- Periode og tidsavgrensa bruk til motorisert ferdsle i perioden 1. jan. - 1. mai for dei neste 3 åra. I føresegnene skal det opnast for rullering/revisjon av planføremål ved utgangen av dei 4 åra. Døgntid-avgrensing: Det skal ikkje vere tillete med køyring mellom kl. 24:00 og 08:00. (Evt. nattkøyring/løp vert å handsame som dispensasjonssak).
- Det skal ikkje oppførast bygg eller fysiske innretningar i området anna enn eit telt som skal fungere som varmestove.
- Omsyn til vilt skal innarbeidast.
- Reglar for evt. avbøtande tiltak og førebyggjing av skader og ulemper.

## *1.2 Planhierarkiet*

### 1.2.1 Planar for arealforvalting - regionalt / nasjonalt nivå

Planområdet er ikkje del av eit område med regionalt eller nasjonalt planverk.

### 1.2.2 Kommunale planar

Kommuneplan for området gjeld. Planen har ikkje avsett område til det føreslegne området og planen vert fremma som dispensasjonssak.

### 1.2.3 Reguleringsplanar

Det er ikkje andre reguleringsplanar i området eller i tilstøytande areal.

# 2. OMTALE AV PLANLAGT ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE

## *2.1 Planområdet*




Utdrag av kommuneplankartet.

Planområdet er avgrensa slik:




Avgrensinga er endra i høve til tidlegare korrespondanse med Fylkesmannen ved at området på Spikedalsfjellet er teke heilt ut avdi det ikkje er aktuelt å driva øvingskøyring der og området er for det meste ikkje tilgjengeleg for snøskuter.

## 2.2 Arealbruk

Området vert i dag nytta som skogbruksområde. Området som skal utviklast til skoterområde ligg i ei bjørke- og barskogkledd li med utsyn mot nord og vest. Lisida er prega av urørt naturmark. For å få til eit øvingsområde for snøskoterkøyring vil det ikkje vera aktuelt å gjera terrenginngrep, berre litt vegetasjonsrydding i mindre omfang vil vera aktuelt for å tilrettelegg løyper og trasear. Traktorsleper i områder er godt eigna til å vera basis for slike skoterløyper. Frå offentleg veg (Fv 71) ved Valle er det meininga å inngå bruksavtale med Veglaget/Statskog om vinterbruk/brøyting av tilkomstveg til heimstølen Myrøygard (Digerdal). Her skal anleggjast parkeringsplass for bilar/hengjarar under øvingskøyring.



*Typisk for området, traktorslep*



*Støl som er endepunkt for skogsbilveg. Her kan det lagast vinterparkering.*

### 2.3 Arealbehov

Norges motorsykkelforbund har utarbeidd spesialreglement for Snøskoter 1996/97 som omtalar reglar for konkurransar i regi av Norges motorsykkelforbund. Utdrag frå dette reglementet er attgjeve som informasjon og rettesnor for planutarbeidinga.

- Generell regel: Ein bane skal ikkje vere kortare enn 850 m og ikkje lenger enn 2000 m.
- Bane for bakkeløp: Traseen må ha ei lengd på min. 600 m og max 1500 m.
- Bane for dragrace: Rettstrekning 201-229 m + depot + ventesone + bremsestrekn.+ sikkerheitssone.
- Bane for folkecross: 850-2000 m.

### 2.4 Omfang av påtenkt ny bruk av området

Jfr. utkast til avtalar om områdebruk ser ein føre seg eit omfang av områdebruk i regi av snøskoterklubben for åra 2009-2012 omlag slik:

- Klubben kan nytte området til inntil 8 arrangement (konkurransar) kvart år i perioden 1. januar til 1. mai. Av dei 8 arrangementa kan det vere 1-2 arrangement/konkurransar/ demonstrasjonskjøring i området i regi av snøskoterklubben der andre klubbar (nabokommunar) kan inviterast. I tillegg kan området nyttast til øvingskjøring kvar 2. veke i perioden 1. januar til 1. mai åra 2009-2012
- Dei 8 arrangementa som kan arrangerast årleg skal arrangerast innanfor eit delområde. Det er opp til arrangøren å vele delområde.
- Eksisterande traktorslep skal nyttast til løypetrasear. Berre i liten grad vil det vera behov for vegetasjonsrydding for evt. nye trasear. Bakkeplanering eller terrenginngrep av noko omfang er ikkje aktuelt.

### 2.5 Vilkår med omsyn til kryssande interesser

**Friluftsliv:**
Området er langt frå fast busetting, og ligg i eit naturleg avgrensa landskapsrom som avgrensar støyen. Området er ikkje rekna som mykje nytta skiutfart, men det er lagt inn tidsavgrensing for at friluftsliv og viltinteressene ikkje uturvande skal fortrengjast. Det er ikkje spesielt i dette området som kommunen har tenkt å satsa på tilrettelegging for aktivt friluftsliv.

**Vilt:**
Viltinteressene er søkt teke omsyn til ved at det er knytt ordningar med tilsyn før, under og etter arrangement som pliktar å avlyse arrangement dersom det vert oppdaga sårbart vilt i eller inntil området.

**Eksponering, terrenginngrep:**
Aktiviteten vil ikkje krevja inngrep av noko slag, landskapsform og vegestasjon vil vera kulissar for motoraktiviteten og dermed hindre eksponering til omliggjande område.

# 3. JURIDISK FORANKRING - kort om regelverket

Motorferdsellova regulerer motorsport på areal som er definert som utmark, jf. § 2. Det kan gjevast løyve til trenings- og konkurransekjøring i samband med motorsport etter § 6 dersom det dreier seg om avgrensa arrangement eller kjøring på terrengbane som er godkjent i reguleringsplan.

Kommunen kan ut frå forvaltingsmessig skjønn og heilskapleg vurdering tillate motorisert ferdsle etter § 6 (Miljøverndept. 1992, rundskriv T 5/92, s. 32).

> *«Ved denne vurderingen skal behovet for transport vurderes mot mulige skader og ulemper for natur og mennesker i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum. Forhold som må tas med i vurderingen er bl.a. hvilke virkninger motorferdselen vil ha når det gjelder spor i terrenget, støy og forurensning, hvor sårbart området er og konflikter som kan oppstå i forhold til andre interessegrupper og naturmiljø.»*

Når det gjeld terrengbanar i utmark kan det gjevast løyve i medhald av § 6 når banen er lagt ut i reguleringsplan og når han blir nytta i organiserte former. Banen kan nyttast til øvings-/ konkurransekjøring og/eller t.d av snøskoterverksemder til prøve- og demonstrasjonskjøring, men ikkje som tilbod til turistar.

§ 7 i føresegnene inneheld felles reglar for dispensasjonar etter §§ 5 og 6. Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonar som reduserer ulempene og skadane for naturmiljø og menneske, som kanalisering av motorferdsla til bestemt tid og stad. Kommunen kan avgrense talet på turar. Berre unntaksvis kan det gjevast løyve for lengre periodar. Då må det ikkje vere tvil om «berettigelsen», men dispensasjonsperioden bør uansett ikkje gå over lengre tid enn 5 år.

## 3.1 Areal

Arealbruken blir sikra gjennom regulering i medhald av plan- og bygningslova.

## 3.2 Motorisert ferdsle, organisert øvingsaktivitet og tilskipingar i området

Heimelsgrunnlaget for å gjeve løyve og/eller dispensasjonar for motorisert ferdsle finn ein i lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977, nr. 82. Jf. § 6 om motorbanar for trenings- og konkurransekjøring.

## 3.3 Privatrettslege avtalar

Snøskoterklubben er i denne samanheng den formelle organisasjon og juridiske eining for å påta seg kollektivt ansvar og pliktar for bruken. Klubben må avklare avgrensing av ansvar i høve til partar dei går inn i samarbeid med og i høve til brukarane i tråd med dette dokumentet. Klubben må og avklare sitt ansvar i høve til evt. personskade/skade på køyretøy og skade på privat eigedom.

### *3.4 Samanfatting*

Kommunen vil aktivt legge til rette for å kanalisere kjøringa til eit avgrensa område gjennom å formalisere arealbruken etter plan- og bygningslova. Gjennom sakshandsaminga etter lova om motorisert ferdsle skal skoterkøyringa kanaliserast innanfor det avgrensa området.

Skoterklubben vil medverke til at intensjonane blir følgd opp gjennom å påta seg ansvar for å arbeide for at regelverk blir følgd opp i praksis, samt at dei gjennom privatrettslege avtalar syter for eit godt samarbeid og kontakt med grunneigarar/veglag og evt. andre partar.

# 4. VARSLING OG INNSPEL

Varslingsbrev vart sendt ut i aug. 2007. På førehand hadde klubben og kommunens planadm. Hatt korrespondanse om prosjektideen og fått signal om kva som måtte vektleggast i ein evt. planprosess. Alle innspela er lagt med i plandokumentet under skiljeblad 4.

Fylgjande innspel kom inn:

- **Fylkesmannen i Aust Agder** peikar på at det er ført dialog tidlegare om omfang og lokalisering og at det oppmeldte området er monaleg større. Vidare vert det sagt at tiltaket utløyser KU-plikt og at kommunen som mynde må ta stilling til dette. Det vert lista opp 6 relevante punkt om kva som er viktig å inntaka i bestemmelsane.

*Vår merknad: Planområdet er redusert ned til 1045 da ved at areala på Spikedalsfjellet er tekne vekk. KU-plikta er teke opp med kommunens planadm. og det er konkludert med at sidan dette planprosjektet er av mellombels karakter (årsavgrensa) kan dette kravet utgå. Momenta som er lista opp er i stor grad inntekne i føresegnene. Prøveperioden er føreslegen auka til 3 år, FM meiner2 år passande.*

- **Fylkeskommunen i Aust Agder** varslar alt i innspelet MOTSEGN og krev at det vert gjennomført KU i høve til føresegnene.

*Vår merknad: KU-plikta er teke opp med kommunens planadm. og det er konkludert med at sidan dette planprosjektet er av mellombels karakter (årsavgrensa) kan dette kravet utgå.*

- **Statens Vegvesen** peikar på at tilkomsten skal skje frå Fv 71 ved Lundevatnet og det må ved leggast til rette for romsleg parkering ved innkomsten til skoterområdet.

*Vår merknad: Det er sett av rikeleg med parkeringsplassar ved stølen, ca 7,6 da.*

- **Statskog** påpeikar at det i melding er innteikna øvingsareal på 28/2 tilhøyrande Statskog. Det er ikkje avtale om slik bruk og grunneigaren ventar at området vert redusert.

*Vår merknad: Planområdet er redusert og arealet til Statskog, som ved ein glipp vart innteke i oppmeldinga, er teke bort.*

# 5. FØRESEGNER TIL REGULERING ETTER PLAN OG BYGNINGS-LOVA

I medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985, nr. 77 med revisjonar, (PBL), jfr. §§ 22-26, er det utarbeidd reguleringsplan for DIGERDALEN-området i Gjerstad kommune.

Plankartet har målestokk 1 : 5 000, og er datert 11. mars 2008. Planområdet er avgrensa som synt med reguleringsgrense på plankartet. Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med reguleringsgrense på plankartet. Innanfor grensa skal areala nyttast som vist på planen og omtala i føresegnene til dei einskilde føremål.

Stadfesta reguleringsplan er bindande for arealbruk, deling, bygge- og anleggsverksemd innan planområdet.

Verknader av reguleringsplan følgjer av PBL § 31. Reglane for vederlag for tap ved reguleringsplan går fram av PBL § 32.

Reguleringa gjeld sjølve arealdisponeringa, medan kjøringa med scooter er regulert gjennom sakshandsaming etter Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977, nr 82 (Brukar må difor ha løyve etter motorferdslelova for å bruke området.)

## 5.1 REGULERINGSFØREMÅL

Planområdet er inndelt i reguleringsområde med følgjande føremål jf. PBL, §25:

- *Landbruksføremål, stølsanlegg, for bevaring, § 25, 2. ledd*
- *Område med blanda føremål, spesialområde og landbruk, område for særskilte anlegg, §25, 6. ledd*
- *Spesialområde, privat veg og parkering, §25, 6. ledd*

## 5.2 REGULERINGSFØRESEGNER

1. Reguleringa gjeld i 3 år frå planen er vedteken. Området går tilbake til landbruksføremål etter dei åra om ny regulering ikkje ligg føre ved periodeslutt.

2. I reguleringsperioden er planområdet regulert til landbruksføremål i perioden 2. mai til 31. desember, og til spesialområde i perioden 1. januar til 1. mai.

a) Landbruk: Området kan nyttast til tradisjonelt jord- og skogbruk i samsvar med gjeldande særlover.

b) Spesialområde, herunder tilkomsttrasear/skoterløyper og område for øvings- og konkurransekøyring. Følgjande reglar gjeld for arealbruk i medhald av plan- og byningslova:

Området kan nyttast kvar 2. veke i perioden 1. januar til 1. mai. Bruken skal vere døgntidsavgrensa slik at det ikkje er høve til å nytte området til slik kjøring mellom kl. 24:00 og 08:00. Unntaksvis kan det nyttast utover døgntidsavgrensinga etter dispensasjon med heimel i motorferdsellova. Det er ikkje høve til å oppføre bygningar eller permanente fysiske innretningar i området for å fremme skoter-interessene. Til området skal det vere godkjent tilkomsttrase/snøscooterløype.

Dei 8 arrangementa som kan arrangerast årleg skal arrangerast innanfor eit delområde. Det er opp til arrangøren å vele delområde.

### *5.3 Arealrekneskap*

Regulert øvings- og konkurranseområde er på 1045 daa.

---

Valle den 11. mars 2008
Plankontoret Hallvard Homme AS

| | |
|---|---|
| Plankart, datert: | 11. mars 2008 |
| Varsling om oppstart | 12. aug. 2007 |
| 1. gongs handsaming i det faste utvalet for plansaker: | ..................... |
| Utlagt til offentleg ettersyn i tidsrommet: | .................... |
| Eigengodkjend i Gjerstad kommune, jfr. k.sak .....: | ....................... |

Gjerstad kommune, ...............................

Ordførar

# 6. HANDSAMING ETTER LOV OM MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG av 10. Juni 1977, nr. 82

Framlegg til retningsliner for sakshandsaming av søknad om øvings- og konkurransekøyring i Gjerstad kommune.

Følgjande vilkår/føresetnader skal tilleggast vekt i sakshandsaminga:

- Godkjent område i reguleringsplan.
- Framlagt samtykke frå berørte grunneigarar/veglag evt. andre partar.
- Eintydig avgrensing av datoar og tider for øving, løp/tilskipingar.
- Opplegg for informasjon til brukarar og lokalt kontrollapparat.
- Opplegg for temporær merking av grensene i terrenget.
- Oppnemning av personar til utval som skal ivareta viltomsyn, evt. ulemper/skader og avbøtande tiltak.
- Dokumentasjon av tilsyn, rapport frå føregåande sesong.

## *6.1 Informasjon*

Skoterklubben skal ved tildeling av tilkomstteikn («sticker») syte for at førar vert gjort kjend med ansvar og plikter han må respektere. Klubben pliktar også å informere om ansvars-avgrensing i høve til personskade, kjøretøy, forsikringsordningar, privat eigedom osv.

## *6.2 Tilsyn*

Ved kvart arrangement (konkurransar) skal klubben stille ein person til å drive tilsyn i området og langs traseane. Vedkomande skal registrere evt. skader/ulemper som er påført terreng, vegetasjon, dyreliv eller fysisk eigedom. Evt. skadeverk skal rapporterast til skoterklubben, og berørt(e) part(ar) skal informerast utan ugrunna opphald. Natur- og næringssjefen kan nyttast som uhilda fagperson for å vurdere skade/ulempe og avbøtande tiltak dersom skoterklubben og/eller berørt part ønskjer det.

## *6.3 Rapportering*

Evt. brot på reglane skal registrerast og sendast kommunen i rapportform ved sesongslutt og seinast 15.05. kvart år. Saman med rapporten skal det følgje ei vurdering av gjennomførte arrangement og evt. framlegg til regelendringar som vil tene ordninga. Kommunen hand-samar rapporten og oversender kopi til fylkesmannen saman med evt. uttale eller vedtak knytt til saka innan 30.06. kvart år. Evt. endringar i reglar/ordningar for bruk av området skal avklarast med kommunen innan 01.12. kvart år, og kommunen rapporterer vidare til fylkesmannen innan 31.12. kvart år.

## *6.4 Årleg vurdering av dispensasjonsgrunnlag*

Kommunen er primærmynde i høve til å gjeve dispensasjon og vil årleg på bakgrunn av rapport frå klubben og/eller politikontrollar vurdere om grunnlaget for dispensasjonen i medhald av §6 framleis er tilstades.

# 7. ORDNINGAR OG ANSVARSPLASSERING FOR BRUK AV TIL-KOMSTVEGAR/-TRASEAR OG ØVINGSOMRÅDE FOR SNØSKOTER

Søknad om løyve til arrangement skal følgjast av samtykke frå berørte partar. Berørte partar skal gjennom direkte vending frå skoterklubben informerast før kvar sesong om planlagde aktivitetar m.v.

## *7.1 Organisert ferdsle er Scooterklubben sitt ansvar*

All motorisert ferdsle til og innan øvingsområdet skal skje i medhald av ordningar som skoterklubben har avtala med berørte partar: grunneigar og veglag, som grunnlag for evt. løyve etter motorferdsellova.

Herunder følgjande veglag om tilkomsttrase:

- Digerdalsvegen, v/ styreformann, vegen frå Valle til Digerdalen

Grunneigar som stiller areal til sjølve øvingsområdet:

| Gard | Gnr. | Bnr. | Eigar |
|---|---|---|---|
| | 27 | 4 | Olav Magnus Lunden |

Skoterklubben har formelt ansvar for å informere om reglane som gjeld for ferdsla til dei som nyttar seg av løyvet.

Brot ved at skoterførar ikkje respekterer regelverket kan føre til at grunnlaget for områdebruk fell bort. I og med at dette er eit forsøk på å få kjøringa inn i meir organiserte former, kan forsøket bli avbrote dersom det syner seg at ordninga ikkje fører til forventa mål.

Grunneigar skriv frå seg alt ansvar i høve til evt. person/trafikkskade, skade på køyretøy m.v. som kan følgje av tilrettelegginga.

## *7.2 Bruk av øvingsområde*

Landbruk og utøving av næring:

Området er sentralt for sau- og storfebeite og det vil og vere behov for gjerde kring dyrkingsfelt i området. Skoterklubben er ansvarlege for evt. skader, og at utbetringane blir gjort. Skade skal rettast opp utan ugrunna opphald. Aktuell grunneigar der evt. skade er skjedd skal varslast av scooterklubben og tiltak avklarast i samråd med grunneigar. Oppstår konflikt mellom grunneigar og skoterklubben om ulempe/skade-vurderingar knytt til dyrkings-interesser, herunder markskade/gjerdeskade o.l., skal natur- og næringssjefen vurdere saka og kome med fagleg tilråding om naudsynte tiltak. Delar av øvingsområdet kan bli tilrådd trekt ut dersom skadeverka vurderast som vesentlege for framtidig utøving av næring på einskild eigedom. Dersom ein grunneigar ut frå omsynet til næring eller andre tilhøve ikkje lenger finn å kunne halde areal for motorferdsla, skal klubben varslast seinast den 01.11. før sesongen tek til.

Klubben skal syte for at avgrensinga av øvingsområdet er merka med vimplar e.l. i sesongen frå 1. jan. til 1. mai, samt fjerne merkinga ved sesongslutt.

Naturmiljø:
Før kvart arrangement skal scooterklubben synfare området for å sjå til at det ikkje står villrein i eller tett inntil øvingsområdet. Dersom det blir registrert dyr, har eit utval med natur- og næringssjef, formann i scooterklubben og ein grunneigarrepresentant rett og plikt til å avlyse/utsetje arrangementet. Evt. avlysing skal kunngjerast i media eller på annan måte som sikrar at kjøring ikkje finn stad på grunn av manglande informasjon.

Friluftsliv:
Den motoriserte ferdsla skal ikkje uturvande vere til sjenanse for menneskeleg ferdsle i området. Køyring langs tilkomsttraseane skal skje på ein omsynsfull måte.

### 7.3 Vegar - tilkomsttraseear

Digerdalsvegen kan nyttast som tilkomsttrase i samsvar med bruksavtale mellom skoter-klubben og styret i det einskilde veglag.

Motorisert ferdsle med skoter skal ikkje vere til hinder for næringsmessig drift og transport i og ved vegane. Styret i veglaget kan om det oppstår konflikt påleggje skoterklubben å stoppe ferdsla dersom det synest naudsynt av omsyn til skogsdrift i heile eller delar av sesongen eller av omsyn til fare for skade på sjølve vegkroppen.

### 7.4 Parkering

Det skal ligge føre skrifteleg avtale om leige av parkeringsplass ved start på skoterløype/-trase. Parkeringsplassane skal vere oppbrøytte.

### 7.5 Omfang av områdebruk til øvings- og konkurransekøyring

Avtalen kan gjelde åra 2009-2012. Klubben kan nytte området til inntil 8 arrangement (konkurransar) kvart år i perioden 1. januar til 1. mai. Arrangementa skal arrangerast innanfor eit delområde. Det er opp til arrangøren å vele delområde. Av dei 8 arrangementa kan det vere 1-2 arrangement/konkurransar/demonstrasjonskjøring i området i regi av snøskoterklubben der andre klubbar (nabokommunar) kan inviterast. I tillegg kan området nyttast til øvings-køyring kvar 2. veke i perioden 1. januar til 1. mai åra 2009-2012.

# 8. KJELDER:

Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77, med revisjonar.

Rundskriv vedrørende endringer i Plan- og bygningslova som følge av ny kommunelov, H-52/93, Kommunal- og arbeidsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Om lov om motoriset ferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977, nr. 82. (T-5/92, Miljøverndepartementet).

Spesialreglement Snøscooter 1996/1997, Norges motorsykkelforbund.

Kommuneplan.

# 9. VEDLEGG

**Utkast til:**

9.1.1 Avtale om bruk av terreng i samband med øvings- og konkurranseområde

9.1.2 Avtale om bruk av tilkomsttrase til øvings- og konkurranseområde

9.1.3 Avtale om leige av areal til parkeringsplass

9.1.4 Medlemserklæring vedrørande bruk av tilkomsttrasear og øvings- og konkurranseområde for snøskoter

Agderposten
Aust Agder Blad

<u>ANNONSE</u>: **KUNNGJERING**

## Digerdal snøskoterområde, Gjerstad kommune. Varsel om reguleringsarbeid

I høve til Pbl. §§ 28-2, 27-1 og 30 vert det varsla oppstart av privat reguleringsarbeid for delar av gnr. 27, br. nr. 4 m/fl. i området Digerdal i Gjerstad kommune. Føremålet med reguleringa er å gjeve heimel til etablering av øvingsområde for snøskoterkøyring. Føremåla er ikkje i samsvar med kommuneplanen og planforslaget må handsamast som dispensasjon frå overordna plan. Reguleringsføremåla vil m.a. vera vegar, skogbruksområde, parkeringsanlegg, og liknande. Det er halde plankonferanse med kommunens planadministrasjon. Vidare er det ført brevkorrespondanse med Fylkesmannens miljøvernavdeling om evt. bruk av område til øvingskøyring. Sist korrespondanse, 22. mai 07, opnar for å vurdere eit område på inntil 1000 da til slik aktivitet.

Partar i saka vert tilskriva. Merknadar til planarbeidet sendast **innan 25. sept. 2007** til: Plankontoret Hallvard Homme AS, 4747 Valle, med kopi til Gjerstad kommune, 4980 Gjerstad.

Opplysningar om planprosjektet kan du få på telefon 379 37 000 og Karl Svendsen, 913 83 655.

Plankontoret Hallvard Homme AS

---

**Faktura sendast direkte til:**
Gjerstad og Felle Snøskuterklubb
V / Karl Svendsen
4980 Gjerstad

Med helsing
Plankontoret Hallvard Homme AS
Hallvard Homme

Kopi til
V / Karl Svendsen
4980 Gjerstad

MUNE

n 2006-2018






Plankontoret Hallvard Homme AS

**Til alle på adresselista**

**Valle den 12. august 2007**

# Gjerstad og Felle snøskoterklubb i Gjerstad kommune. Varsel om reguleringsarbeid

I høve til Pbl. §§ 28-2, 27-1 og 30 vert det varsla oppstart av privat reguleringsarbeid for delar av gnr. 27, br. 4 m/fl. i området Digerdal i Gjerstad kommune.

Føremålet med reguleringa er å gjeve heimel til etablering av øvingsområde for snøskoterkøyring.

Føremåla er ikkje i samsvar med kommuneplanen og planforslaget må handsamast som dispensasjon frå overordna plan. Reguleringsføremåla vil m.a. vera vegar, skogbruksområde, parkeringsanlegg, og liknande.

Det er halde plankonferanse med kommunens planadministrasjon. Vidare er det ført brevkorrespondanse med Fylkesmannens miljøvernavdeling om evt. bruk av område til øvingskøyring. Sist korrespondanse, 22. mai 07, opnar for å vurdere eit område på inntil 1000 da til slik aktivitet.

Partar i saka vert tilskriva. Merknadar til planarbeidet sendast **innan 25. sept. 2007** til: Plankontoret Hallvard Homme AS, 4747 Valle, evt. hhomme@plankontoret.no med kopi til Gjerstad kommune, 4980 Gjerstad.

Opplysningar om planprosjektet kan du få på telefon 379 37 000 og Karl Svendsen, 913 83 655.

Med helsing
Plankontoret Hallvard Homme AS

Hallvard Homme

Vedlegg:
Adresseliste
Melding om oppstart

**Plankontoret Hallvard Homme AS**
Pb 95, 4747 VALLE,
post@plankontoret.no
Telefon 379 37000
ORG.NR. 976010744MVA
Bankkonto: 2890.05.26476

**Avdelingskontor:**

3890 Vinje, 41690212, astettin@plankontoret.no
4973 Vegårshei, 91547813, eiaas@plankontoret.no
3810 Gvarv, 95228831, phpaulsen@plankontoret.no

Plankontoret Hallvard Homme AS

**Offentlege instansar, andre:**

**Fylkesmannen i Aust-Agder, Fylkeshuset, Serviceboks 606, 4809 Arendal**

**Aust-Agder Fylkeskommune, Fylkeshuset, Serviceboks 606, 4809 Arendal**

**Statens vegvesen, Region Sør, Serviceboks 723, 4808 Arendal**

**NVE, region Sør, Anton Jenssensgt. 5, Pb. 2124, 3103 Tønsberg**

**Gjerstad kommune, Planavdelinga, 4980 Gjerstad**

**Plankontoret Hallvard Homme AS**
Pb 95, 4747 VALLE,
post@plankontoret.no
Telefon 379 37000
ORG.NR. 976010744MVA
Bankkonto: 2890.05.26476

**Avdelingskontor:**

3890 Vinje, 41690212, astettin@plankontoret.no
4973 Vegårshei, 91547813, eiaas@plankontoret.no
3810 Gvarv, 95228831, phpaulsen@plankontoret.no

Plankontoret Hallvard Homme AS

# Adresseliste

Naboar:

| g. nr./br. nr. | namn | adresse |
|---|---|---|
| | Torbjørn Lunden | 4890 Gjerstad |
| | Ove A Haugland | 3760 Neslandsvatn |
| | Olav Magnus Lunden | Moheim, 4980 Gjerstad |
| | Olav J Trydal | 4980 Gjerstad |
| | Statskog SF | Serviceboks 1016, 7809 Namsos |
| | William Eriksen Landsend | 4980 Gjerstad |
| | Digerdal og Fisketjenn veg-forening, v/ Olav Trydal | 4980 Gjerstad |
| | | |

**Plankontoret Hallvard Homme AS**
Pb 95, 4747 VALLE,
post@plankontoret.no
Telefon 379 37000
ORG.NR. 976010744MVA
Bankkonto: 2890.05.26476

**Avdelingskontor:**

3890 Vinje, 41690212, astettin@plankontoret.no
4973 Vegårshei, 91547813, eiaas@plankontoret.no
3810 Gvarv, 95228831, phpaulsen@plankontoret.no



F
K
3. Område f
4. Område s
5. Område f
6. Viktige le
7. Annen teg
Navassfjellet
Navassvollen
Navassvatn
Navasstjern
Øktdagsknuten
Sønderkil
Maurbekktjern
Fjosbutjern
Fjosbumyra
Navasslione
Risfjellione
Bjørnvad
Hellesmyr
Fossbrekka
Fossbusteena
Risfjell
Risfjellvatn
Dobbeltjern
Stortjern
Veholttjern
Holmyr
Finnsletten
Rumpetjern
Skarkmyra
Trollfjell
Diplane
Skarkliene
Krikll
Langkil
Kjellingtjern
Finntjønnene
Solemtjern
Skuggetjern
Ljådalslonene
Kalvåsen
Kalvåstjern
Måreistjern
Bjørntjern
Styggetjernheia
Kvernkroa
Markset-
åsen
Markset
Kollen
Solberga
Gjøstjern
Foletjern
Blandings-
tjern
Vrangvatn
Vrangevass-
heia
Øygardstjern
Kvalptjern
Mjåvatn
Fjedingstjern
Otertjernheia
Øygardslia
Otertjern
Baskotknuten
Drivheia
Dukheia
Skåpmyra
Løkkje-
Stølstjern
Sagdals-
heia
Morketjern
Mork-
heia
Rakkedals-
fjell
Ørnefjell
nedre
Fjosbufjellet
Varde-
heia
Moltekjern-
knuten
Vindgaulen
Fossbufjellet
Reinmyrane
Fossbuheia
Fisketjern-
knuten
Fisketjern
Bjørnstadfjellet
Eivindsstea
Bjørnstad-
knuten
Vesterholttjern
Styggetjern
Dalhette
Digerdalen
Fuglemyrheia
Bjørkekjerr
Klosteret
Orremyrane
Blomreisheiknuten
Eskelands-
åsen
Blomreisheitjerna
Spikedals-
fjellet
Fisketjernelva
Diplemyr
Kubbekjerrhølen
Vatnelia
Kubbetjern
Solemedalen
Holtjern
store
Raudkollknuten
Holmmyrane
øvre
Raudkolltjern
Vatneliheia
Rumpetjern
nedre
Raudkolltjern
Solemsletane
Tjovsmyrane
Meåns-
knuten
Brannstad-
åsen
Fjosbuelva
Brannstadtjern
Brannstad-
fjellet
Jerpedalstjerna
Øygardstjerna
Mørttjern
Fisketjern
Bjyneheia
Vondslitjerna
Eivsvatn
Øygardsåsen
Valletjern
Stogreistjern
Triandstjerna
Urdvass-
moen
Lundvatn
Urdvatn
Kroktjern
Vondtjern
Igletjernåsen
Lundevasslione
Raundalstjern
Husmyr
Rubbmyr
Nyklebutjerna
Varden
store
Hessfjell
lille
Kongsfjell
Rossvå
Surtmyr
Trytjern
Brekka
Vålemoen
Ambutjern
Hustjern
Eiklimyra
Hovhaugen
Sigder
lille
Nybutjern
store
Smedalsfjell
Skuggetjern
Tollheia
Trydal
Fløyheia
Dalheia
Ausland
B

FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Plankontoret Hallvard Homme AS
Postboks 95

4747 Valle

| Dykkar ref. | Vår ref. (må givast opp ved svar)<br>Sak nr. 2007/1250 / LIL | Dato<br>02.10.2007 |
|---|---|---|

**REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR/BNR 27/4 M.FL., DIGERDAL I GJERSTAD KOMMUNE – MELDING**

Vi viser til brev av 12.08.07 frå Plankontoret Hallvard Homme AS med melding om at det er starta opp reguleringsplanarbeid for del av gnr/bnr 27/4 m.fl., Digerdal i Gjerstad kommune. Vi ber om orsaking for at vi på grunn av stor saksmengde ikkje har klart å overhalda den fastsette uttalefristen, og viser til telefonsamtale med Plankontoret Hallvard Homme AS 03.10.07 vedrørande dette.

**Føremål og planstatus**

Føremålet med planen er å regulera eit område til øvingsområde for snøskuterkøyring.

I kommuneplanen sin arealdel er området sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde.

**Miljøvernavdelinga si vurdering**

Miljøvernavdelinga har vore i diaolog med Gjerstad kommune og Gjerstad og Felle snøskuterklubb vedrørande planane om å etablere ein øvingsbane for snøskuterkøyring. Vi har i brev av 23.04.07 til Gjerstad kommune vist til at føresetnaden for å få nødvendig dispensasjonen frå motorferdelregelverket er at området først vert regulert etter plan- og bygningslova. Den nærare avgrensinga av planområdet er òg delvis avklart med miljøvernavdelinga, som har sett ei størrelsesgrense på 1000 dekar. I brev av 22.05.07 til Gjerstad og Felle snøskuterklubb har vi markert på eit kart kva område vi konkret vil kunne godta. Samtidig har vi opna for at vi etter synfaring eventuelt vil kunne akseptere køyring lenger sør mot Brannstadtjenn.

Det varsla planområdet ser ut til å gå lenger sør enn det området som miljøvernavdelinga har akseptert ved vårt brev av 22.05.07, men Plankontoret Hallvard Homme AS har på telefon opplyst at det på grunn av grunneigartilhøva i området ikkje vil verta aktuelt å regulera til øvingsbane i dei sørlege delane av varsla planområde. Planområdet avvik òg elles noko frå vår avgrensing på kartet vedlagt brevet av 22.05.07, men då området lengst aust mot Jerpedalen vert erstatta av eit område som ligg nærare vegen og nord for Myrøygard, vurderer vi det til å vere i samsvar med våre merknader i brevet av 23.04.07. Vi finn likevel grun til å minne om føresetnaden om at planområdet for øvingsbanen ikkje må overstige 1000 dekar.

Etter *Forskrift om konsekvensutredninger* av 01.04.05 § 3, nr.1, bokstav d skal reguleringsplanar som omfattar konkurranse- og øvingsbanar for motorkøyretøy vurderast opp i mot kriteria i forskrifta § 4, for å avgjera om planen kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn slik at den må handsamast etter forskrifta kapittel III om planprogram og

konsekvensutgreiingar. Kommunen er ansvarleg mynde, jfr. forskrifta § 3, nr. 3, 3. ledd, 1.pkt, og skal etter forskrifta § 3, nr. 3, 4.ledd ta stilling til dette spørsmålet tidligast mogleg: *"For reguleringsplaner bør dette skje før kunngjøring etter plan- og bygningsloven § 27-1, nr. 1, 2.ledd."* Vi ber om at kommunen følgjer opp dette, og sender miljøvernavdelinga kopi av utfallet av vurderinga av utgreiingsplikta.

Ut over ovanståande viser vil til at følgjande føresetnader sett i vårt brev av 23.04.07 må leggjast til grunn i det vidare planarbeidet:

- *Det må tas inn reguleringsbestemmelser om at det bare er tillatt å kjøre 2. hver uke i perioden 1. januar til 1. mai. Begrunnelsen er at det er ønskelig med "stille" perioder både av hensyn til vilt og alment friluftsliv.*

- *Kjøringen må være døgntidsavgrenset slik at det fra mandag til fredag er forbudt å kjøre mellom 23.00 og 12.00, og i helgene mellom 23.00 og 10.00.* (Ny kommentar: Kommunen bør vurdere om bevegelige helligdager bør behandles spesielt.)

- *Reguleringsplanen må være tidsbegrenset slik at den kun gjelder for 2 år fra den blir vedtatt.*

- *Det må tas inn en bestemmelse om at det ikke er adgang til å oppføre bygninger eller andre permanente fysiske innretninger i området for å fremme scooterinteressene.*

- *Reguleringsformålet må være kombinert formål landbruk (eventuelt skogbruk)/spesialområde, øvelses- og konkurranseområde, fordelt slik at det i reguleringsperioden er regulert til landbruk- eller skogbruksformål i perioden 2. mai til 31. desember, og til spesialområde, øvelses- og konkurranseområde i perioden 1. januar til 1. mai.*

- *Når det gjelder spørsmålet om eventuell lokalisering av en bane for obligatorisk opplæringskjøring, må dette tas opp med Fylkesmannen i Telemark, som er ansvarlig for fastsetting av et obligatorisk øvelsesområde for Rogaland, Aust- og Vest-Agder, Telemark, Buskerud og Vestfold. Det kan også tas kontakt med Direktoratet for naturforvaltning eller Statens Vegvesen.*

  *Miljøvernavdelingen vil i denne omgang ikke ta stilling til en eventuell regulering av en bane for motorsport på barmark.*

**Innspel frå andre avdelingar ved embetet**

Utdannings- og familieavdelinga, sosial- og helseavdelinga, landbruksavdelinga og fylkesberedskapssjefen har ingen ytterlegare kommentarar til det oppstarta planarbeidet.

Med helsing

Reidar Malm
fylkesmiljøvernsjef

Lise Ilstad
rådgjevar

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gjerstad kommune | Kommunehuset | 4980 | Gjerstad |
| Statens Vegvesen Region Sør | Serviceboks 723 | 4808 | Arendal |
| Aust-Agder fylkeskommune, Arealplan | Kopi sendt pr. e-post | | |

**Statens vegvesen**

Plankontoret Hallvard Homme AS
Postboks 95
4747 VALLE

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/innvalgsnr: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region sør<br>Aust-Agder distrikt | Glenn Solberg - 37019823 | 2007/112873-003 | | 02.10.2007 |

## Gjerstad og Felle snøskoterklubb i Gjerstad kommune - Digerdal. Varsel om reguleringsarbeid

Vi viser til oversendelse i fra Plankontoret H. H. AS den 12. august 2007.

Det meldes om igangsatt arbeid med reguleringsplan for del av gnr. 27 bnr. 4 m. fl., Digerdal. Planområdet er merket av på vedlagt kartutsnitt. Hensikten med planen er å legge til rette for et øvingsområde for snøskuterkjøring. Området er oppgitt til å være ca 1000 dekar. I kommuneplanen er området satt av til LNF-område.

Selve planområdet berører ikke direkte vårt ansvarsområde som er riks- og fylkesvegnettet.

Kjøreatkomst blir over privat veg. Denne vegen er koplet til FV 71 ved Lundevannet i eksisterende avkjørsel/kryss.

Det må gjøres grei for hvor mye trafikk et slikt anlegg/øvingsområde vil skape. Vi vil ut i fra dette vurdere om avkjørselen med fylkesvegen har tilfredsstillende teknisk utforming og frisikt, jfr. Håndbok 017, Veg- og gateutforming. Eventuelle utbedring vil måtte påreknes utført før anlegget tas i bruk.

Det bør sikres tilstrekkelig med parkeringsplasser innenfor planområdet.

Ut over dette har vi ikke flere vesentlige merknader til at området tas opp til regulering og til formål som antydet i meldingen.

Plan og forvalting - Aust-Agder distrikt
Med hilsen

Jan-Erik Andersen
senioringeniør

Glenn Solberg
Glenn Solberg

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Serviceboks 723
4808 Arendal

Telefon: 815 48 000
Telefaks: 37 01 98 01
firmapost-sor@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4, 4846 Arendal
4808 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Statskog

Plankontoret Hallvard Homme AS

4747 Valle

Gjerstad, 05. september 2007

Vår saksbehandler:
Nils Olav Sunde, tlf. 37158900

Vår ref.:

Deres ref.:

**Merknad til melding om planarbeid Gjerstad og Felle snøskoterklubb i Gjerstad kommune.**

Viser til tilsendt brev og reguleringsdokument av 12.aug. 2007, og tlf. med Hallvard Homme i dag 5.sept..

Område som er inntegnet som reguleringsområde går ut over eiendomsgrense til Gnr 27, Bnr. 1, Olav M. Lunden.

Statskog SF har forstått at dette reguleringarbeidet skal foregå på eiendommen til Olav M. Lunden.
Område som er tegnet inn berører både Statskog SF Gnr 28, Bnr 2, ved Brannstadtjenna og nabo Torbjørn Lunden Gnr 27, Bnr 37.

Statskog SF har ikke hatt noen henvendelser om reguleringsområde eller spørsmål om avtaler for bruk av område annet enn gjennom Diggerdal og Fisktjenn vegforening.

Statskog SF forventer at planområde blir justert i henhold til de føringer som er lagt i henhold til korrespondanse med grunneier Olav M. Lunden , Gjerstad kommune og Fylkesmannen.

Vedlegger kart som viser eiendomsgrenser.

Med vennlig hilsen

Nils Olav Sunde

Vedlegg

*E-mail: nils.olav.sunde@statskog.no*

**Statskog SF**
